

Frå: Hanne Marie Evensen
Send: tirsdag 12. juli 2022 14:41
Til: luksadej@gmail.com; magdalenagawronska@yahoo.com
Emne: SV: Mjåtveitmarka 36 F - Ferdigattest

Hei

Viser til søknad om ferdigattest.

Bygningar skal som utgangspunkt ikkje vera tatt i bruk utan at det er søkt om og gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

For å få ferdigattest må ansvarleg søker (dei som fekk ansvarsretten i byggjesaka) sende inn manglande dokumentasjon (kontrollerklæringar, sluttrapport for avfallshandtering, dokumentasjon for at vilkåra i løyve er oppfylt).

Eventuelt kan ein søkja om endring av ansvarsrett der eit nytt føretak tek over ansvaret. Det vert ikkje stilt som krav at det skal gjennomførast uavhengig kontroll med mindre ansvarleg søker finn det naudsynt. Viss ansvarleg søker finn det naudsynt med uavhengig kontroll, skal det **ikkje** gjennomførast destruktiv kontroll. Kontrollen skal bekrefte at tiltaket er utført i høve til løyvet.

Dersom eit eller fleire føretak har gått konkurs, må det søkjast om ansvarsrettar for nye føretak som skal ta over. Grensesnitt mellom tidlegare og nytt føretak må komme fram, slik at det klart framgår kor mykje ansvar det nye føretaket overtar.

Hanne Marie Evensen | Rådgjevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Frå: Lene Rikstad <Lene.Rikstad@emvest.no>
Send: torsdag 23. juni 2022 14:50
Til: Post Alver byggesak <byggesak@alver.kommune.no>
Kopi: luksadej@gmail.com; magdalenagawronska@yahoo.com
Emne: Mjåtveitmarka 36 F - Ferdigattest

Hei,

Jeg skal selge Mjåtveitmarka 36F og eiere sier at den midlertidige brukstillatelsen som ligger på bygget er gått ut.

Vi må nå få en ferdigattest på eiendommen slik at den kan selges. Hvordan går vi frem?



Med vennlig hilsen

Lene Rikstad
Eiendomsmegler
Eiendomsmegler Vest, Nordhordland

Tlf.: 971 71 107 · E-post: lene.rikstad@emvest.no
Se profilen min på emvest.no

